

Kva er effekten for inntektene til Sula kommune dersom vi får fleire arbeidsplassar?

På oppfordring frå ordførar videresender vi ein e-post som vart sendt han tidlegare i år.

Jim Arve stilte spørsmål om kva effekten blir for inntektene til Sula kommune ved fleire arbeidsplassar. Det er mykje som kan påverke dette reknestykket. I vår berekning har vi derfor lagt ei rekke forutsetningar til grunn. Det er bustadkommune og ikkje arbeidsstad som har betydning for skatteinntektene. Ei viktig forutsetning i reknestykket er derfor at dei nye arbeidstakerne buset seg i Sula kommune.

Med dei forutsetningane vi har lagt til grunn så viser vår beregning at 50 nye arbeidarar som buset seg i Sula kommune vil gi:

- Ca 2 mill i økte skatteinntekter
- Reduksjon i rammetilskot på ca 1,1 mill.

Med andre forutsetningar vil reknestykket endre seg. Sjå nedanfor for fleire detaljar.

Spørsmål:

Du stilte spørsmål til kva effekten vil bli for inntektene til Sula kommune dersom det blir fleire arbeidstakarar i Sula kommune, f.eks 50 stykk.

Svar:

Det er vanskeleg å gi eit presist svar på dette. Det er mykje som spelar inn. For å svare på dette må ein derfor legge ein del føresetnader til grunn.

I svaret er følgande føresetnader lagt til grunn:

- Alle dei 50 nye arbeidstakarane buset seg i Sula kommune (det er bustadkommune og ikkje arbeidsstad som har betydning for skatteinntektene).
- Dei 50 nye arbeidarane / innbyggjarane er i alderen 23 år – 66 år.
- Gjennomsnittleg løn til dei nye arbeidstakarane er 600.000 kr.
- 10 av arbeidstakarane som flytter hit har ei formue på 5.000.000 kr kvar. Desse 10 arbeidstakarane er einslege.

- Kommunal skatteprosent: 10,95 % (som i 2023)
- Kommunal formuesprosent: 0,7 % (innslagspunkt for einslege er 1,7 mill)
- Dei 50 nye arbeidstakarane medfører 25 nye bustader.
- Ingen av dei 50 nye arbeidstakarane har barn. Vi vil likevel omtale effekten dersom dei har barn.
- I berekning av rammetilskot har vi kun tatt hensyn til alderskategori for dei nye arbeidarane. Vi har ikkje tatt hensyn til andre forhold som påverker rammetilskotet (f.eks om ny innbygger er aleinebuande eller ikkje, om den har høgare utdanning eller ikkje osv).

Dei inntektene som vil endre seg er skatt på inntekt og formue, rammetilskot og eigedomsskatt:

Skatt på inntekt

I berekninga har vi forutsatt at alminnelig inntekt i gjennomsnitt er 425.000 kr (600.000 kr minus minstefradrag, personfradrag og andre individuelle fradrag). $425.000 * 10,95 \% * 50 = 2.326.900$ kr. Kommunal skatteinntekt i denne berekninga aukar med ca 2,3 mill. Sula kommune vil ikkje behalde alt dette. Vi vil bli trekt ca 560.000 kr i inntektsutjevning. Sula kommune har ei gjennomsnittlig skatt pr innbygger som er på ca 80 % av landsgjennomsnittet. Som følge av inntektsutjevninga får vi tilført inntekter slik at samla skatteinntekter inkludert inntektsutjamning blir på ca 95 % av landsgjennomsnittet. Estimert for gjennomsnittlig skatt per innbygger i Sula kommune i 2023 er på 29.113 kr. Estimert for skatt per innbygger i landet er på 36.294 kr. Estimert for skatt for kvar av dei 50 nye arbeidstakarane er 46.538 kr. Dette er over gjennomsnittet i Sula kommune og over landsgjennomsnittet. Det er grunnen til at vi blir trekt i inntektsutjamning. **I dette eksempelet vil den samla effekten av auka skatteinntekter bli på ca 1.770.000 kr.**

Som eksempelet viser så betyr det lite kva nye innbyggjarar betaler i skatt. Det betyr også lite om ein eksisterande innbygger betaler meir eller mindre i skatt. Dette på grunn av inntektsutjevninga. Det er først dersom vi hadde komt oss over 90 % av landsgjennomsnittet per innbygger at inntektsnivå per innbygger får meir enn marginal effekt. Når ein innbyggjar aukar si inntekt og dermed sin skatt så set Sula kommune igjen med ca 5 % av denne skatteauka. Dersom vi hadde inntektsnivå på over 90 % ville vi ha behaldt 40 % av skatteauka. Det skal mykje til for at Sula kommune skal komme over 90 % av landsgjennomsnittet. For å ha ei inntekt på 90 % av landsgjennomsnittet i 2023 måtte vi hatt ei inntekt per innbygger på 32.894 kr. Estimert for 2023 for Sula kommune er 29.113 kr. Det er altså ein forskjell på 3.781 kr pr innbygger. Med 9.636 innbyggjarar så måtte skatteinntekta vår ha vore 36,4 mill høgare (med same antal innbyggjarar). Dersom ein ny innbyggjar med årslønn på 336 million kroner hadde flytta hit så hadde Sula kommune komt seg opp på 90 % av landsgjennomsnittet. Alternativt 10 innbyggjarar med årslønn på rundt 34 million kroner kvar.

Skatt på formue

Dersom 10 av dei nye arbeidstakarane som flytter hit har formue på 5.000.000 kr kvar vil dette gi ei inntekt til Sula kommune på **231.000 kr** ($5.000.000 - 1.700.000 * 0,7\% * 10$)

Endring i rammetilskot

Det som først og fremst påverker rammetilskotet er innbyggjertilskotet og utgiftsutjevninga. For 2023 er satsen per innbyggjer 28.077 kr. 50 nye innbyggjarar vil gi økt innbyggjertilskot på 1.404.000 kr. Denne effekten er positiv. Men i dette eksempelet, der vi forutset at dei nye arbeidstakarane er i alderen 23 – 66 år, vil vi få ein negativ effekt på utgiftsutjamninga. Dette skuldast at denne aldersgruppa i gjennomsnitt har lav etterspørsel etter kommunale tenester. Den negative effekten i dette eksempelet på utgiftsutjamninga blir på 2.570.000 kr (berekning basert på KS sin prognosemodell). Den negative effekten i utgiftsutjamninga er altså større enn den positive effekten av økt innbyggjertilskot. Så i dette eksempelet så vil **rammetilskotet reduseres med 1.166.000 kr.**

Dersom vi antar at dei 50 nye arbeidarane har til saman 50 barn i skulealder (6 – 15 år), så vil rammetilskot auke med ca 5 mill. I dette tilfellet vil både innbyggjertilskot og utgiftsutjevning auke. Men i dette tilfellet vil også kommunale utgifter auke. Om dei kommunale utgiftene vil bli større eller mindre enn auka i inntekter vil vere avhengig om det er ledig kapasitet i klasser eller ikkje, om eleven har spesielle behov eller ikkje, om eleven har skuleskyss eller ikkje osv. Det er ikkje usannsynlig at dei økte kommunale utgiftene til 50 nye elevar vil gå opp i opp mot økte inntekter. Men det kan også hende at inntektene vil bli større enn utgiftene. Dette kunne f.eks ha blitt tilfelle dersom det ein del ledig kapasitet slik at ein ikkje trengte fleire klasser. Dersom nokre av barna er barnehagebarn vil rammetilskotet auke ytterlegare, men då vil også dei kommunale utgiftene auke.

Eigedomsskatt

Vi forutset at 50 nye arbeidstakarar medfører 25 nye bustader. Gjennomsnittleg eigedomsskatt for bustad i 2023 er på 2.875 kr (1 promille). Ved 25 nye bustader som betaler gjennomsnittleg eigedomsskatt vil dette utgjere **72.000 kr** i ekstra eigedomsskatt.

Oppsummering av økonomisk effekt i dette eksempelet

Med dei føresetnadane som er lagt til grunn i dette eksempelet så vil 50 nye arbeidstakarar medføre følgande auke i inntekt:

Endring i inntekter	Beløp
Endring i skatt på inntekt	1 770 000
Endring i skatt på formue	231 000
Endring i rammetilskot	-1 166 000
Endring i eigedomsskatt	72 000
SUM endring	907 000